



SOMMARHELSING 2023

Til føresette

Politiet si årlege sommarhelsing vert sendt ut til føresette i politidistriktet vårt. Dette med ønskje om ein god sommar, med litt informasjon og eit par råd. Vi har valt ut nokre relevante tema.

Trygge rammer:

Faste innetider, avtalar for mobilbruk og reglar for festing og alkohol/rus er som oftast til hjelp for eit barn eller ein ungdom. Ved til dømes gruppepress, kan det vere lettare å ta gode val dersom føringane heimanfrå er tydelege. Ver tilgjengeleg, lag avtalar med andre foreldre om henting og ta telefonen når den ringer, også om natta.

Skadeverk:

Skular og barnehagar er attraktive opphaldsstadar i sommarhalvåret. Vi i politiet får jamleg meldingar om at skadeverk og forsøpling er eit problem. Fleire har no montert videoovervakingsutstyr og sett inn andre særskilde tiltak for å ta i vare uteareala sine. Lediggang aukar sjansen for å oppsøke spaning gjennom rampestrekar, eller verre, gjennom ulovleg åtferd. Vi oppmodar vaksne om å vere til stades på dei arenaene der barn og unge oppheld seg. I tilfeldige møte med barn og unge er det fint når de som føresette slår av ein prat, er imøtekomande og hyggelege, heller enn hastige, mistenksame eller konfronterande.

Rusmiddel:

Politiet opplever ei haldningsendring blant unge og ein del mistydingar når det gjeld lovverket knytt til narkotiske stoff. Det må *ikkje vere tvil* om at kjøp, sal, oppbevaring og besittelse av narkotika er straffbart. Vi ser også at befatning med ulovlege rusmiddel kan føre til situasjonar som omhandlar gjeld, trugslar og vald.

Når det vert utvikla ei rusavhengigheit, går det ikkje berre utover vedkomande sjølv. Nære vener og familie kan også oppleve situasjonen som ei krise. Har barnet eller ungdomen din utvikla eit usunt forhold til lovlege eller ulovlege rusmiddel? Hald ut, ver til stades, vis omsorg og søk hjelp frå dei kommunale helsetenestene.



Sommaren er ei tid der politiet blant anna prioriterer nærvær og oppsøkande arbeid ute blant unge som har skulefri og ferie. Først og fremst handlar nærværet om å trygge nærmiljøa, bygge relasjonar og tillit. Vi ønskjer å vere eit politi det skal vere lett å kome i kontakt med, også utan at det har skjedd noko kriminelt eller alvorleg. I dei tilfella det oppstår kriminalitet blant dei

Yngste, er vi opptekne av å vurdere ulike løysingsalternativ for å ta i vare dei involverte og førebygging av nye lovbrøt. Vi erfarer at det ofte er samansette årsaker til at kriminaliteten oppstår, og at ugjerninga ofte er eit symptom på noko anna som ligg bak.

Facebook



Instagram



Ta kontakt

Skulle du som føresett kome borti ei uheldig hending, noko kriminelt eller anna med alvorleg karakter, kan vi i politiet bli kontakta via telefon: 02800 (112 ved nødstilfelle). Du kan også sende e-post direkte til:
post.moreogromsdal@politiet.no

Om du, eller barnet ditt, ønskjer å kommunisere med politiet på digitale flater, er Nettpatruljen for Møre og Romsdal politidistrikt tilgjengelig på Facebook og Instagram:

Med ønskje om ein trygg og god sommar frå oss ved Indre Sunnmøre politistasjonsdistrikt

Politikontakt Hilde Sæter (politistasjonssjef)

Politikontakt Henrik Vikebakk Sandstad (etterforsker)